

## Barnebliksatsinga - årleg melding 2020

Barneblikk familieteam (BBF) er lavterskel tilbod til småbornsfamiliar som er berørt av rus eller psykiske vanskar. og har 4 lokalisasjoner i Møre og Romsdal. Lokalisasjonen i Molde og Ålesund starta opp i 2017/18, medan Kristiansund og Ulstein starta opp hausten 2020.

### Familiane som fekk oppfølging i BBFene i 2020:

BBF treff to grupper familiar. Den eine gruppa er familiar med stor sårbarheit på mange livsområde og som dermed treng regelmessig oppfølging over lang tid. Den andre gruppa er der foreldre har sårbarheit på nokre få livsområder som vert utfordrande ved endringar, t.d. når dei vert foreldre.

Lokalisasjon	Antall familiar	Antall personar
BBF Kristiansund	6	?
BBF Ulstein	6	22
BBF (nye) Molde	51 28 nye i 2020	? 97 nye i 2020
BBF (nye) Ålesund	40	135
Totalt	103	

Psykiske vanskar dominerar i målgruppa, men det er ei svak auke der familien er berørt av utfordringar knytta til rusbruk. Foreldre og samarbeidspartnarar formidlar ofte nytteverdien av at BBF er eit familietilbod og har heilskapleg tilnærming. Familiane avgjer kva dei ønsker oppfølging på, desse temaene går igjen:

- Samspill mellom foreldre og barn, familie/parforhold, pårønderolle og nettverk
- Arbeid, utdanning, interesser, økonomi og gjeld
- Bo- og kvardagsfungering
- Fysisk helse, rus og rusadferd, psykisk helse, kognitiv fungering
- Stress, traumer og kritiske hendelser

### Dei tilsette

Dei tilsette opplever det nyttig og motiverande å jobbe i tverrfagleg team, og å kunne hjelpe familien på ulike livsområder. Kvar lokalisasjon har ei leiargruppe som skal sikre drifta i samsvar med oppdraget.

Kvart BBF har 50% stilling frå HMR, likt fordelt mellom BUP og Psykisk helsevern/rus. Vertskommunane stiller 100 % stilling, fordelt mellom helsestasjonen og psykisk helseteneste/rus. Kommunane sine stillingar var finansiert av tilskudd frå Fylkesmannen i 2020. Molde kommune har i tillegg valgt å auke stillingsdelen sin til 150% frå 2021. Det er store variasjonar mellom stillingsprosent og befolkningsgrunnlag for dei fire BBFene.

Fleire av tenestene har streva med sjukemeldingar, utdanningsløp, nedskjæringar og permisjonar som igjen har redusert bidraget inn i BBFene. Dette har utfordra stabiliteten i oppfølginga til familiane. Dette har vore særleg krevande i lokalisasjonen til BBF Ålesund.

## **Kommunesamanslåing**

BBF-lokalisasjonane i Ålesund og Molde opplevde auka nedslagsfelt etter kommunesamanslåinga 01.01.2020. Det medførte auka pågang av familiar, meir reisetid for det tilsette og nye leiarar. Det vart behov for tydelegare rolleavklaringar, og Barneblikk styringsgruppa utarbeida mandata innan dei ulike ansvarsområda.

## **Forskning**

Barneblikk har underteikna avtale med Møreforskning om følgeforskning, oppstarta november.

## **Korona-pandemien si virkning på BBFene:**

- Reduserte høvet til utviklingsarbeid i satsinga.
- Periodevis lite fysiske konsultasjonar og heimebesøk. Personalet tilbydde gå-turar eller telefon/videosamtalar. Prøvde å oppretthalde kontakten, men utfordrande å inkludere heile familien.
- Mange familiar vart isolerte med lite oppfølging, opplevde rask forverring av situasjonen sin. Fleire gjekk over frå å ha lettare vanskar til meir akutte tilstandar.
- Smittevernkrava krevde tilgang på større møterom, og nytt teknisk utstyr. Nokre stader har det tatt tid å få på plass dette.
- Vanskar med å nå samarbeidspartnarar.
- Personell vart omdisponert til andre oppgåver (t.d. testing).

BBFene ønsker å verte drifta som samfunnskritisk tilbud for å ivareta borna i krisesituasjonar.

## **Journalføring**

Sidan BBF er eit tilbod til alle familiemedlemmene, vert det journalført på alle som er i kontakt. Journalsystema er lite tilpassa eit familietilbod. Det har også vore vanskeleg å halde oversikt over henvendelsar og ta ut statistikk. Barneblikk styringsgruppa har vore i kontakt mot Helseplattformen om ei tilpassing til familieretta arbeid, og det har vore forsøk på å prøve ut ein form for Familiejournal. Dette har førebels ikkje gitt ønska resultat.

## **Barneblikk framover**

- Prosedyrer for journalføring – hvem, hva, hvor, hvordan, når
- Vidare avklaring av målgruppa
- Nærare samarbeid, særleg med familievernkontor og vaksenpsykiatrien
- Vurdere tilbod om konsultasjonar på kveldstid
- Iverksette forskning